# Vikebygd Grendeutval styremøte 16.03.2026

Stad: Hjå Gunn

Tilstade: Gunn Vikingstad, Vanessa Bergmann, Haakon Halvorsen, Vendel-Agathe Skartland-Hide, Gudvin Hetland, Anna Langhelle

Saksliste:

1. Konstituering av styre
2. Val av representantar til SØK-stiftinga
3. Ut på tur
4. Stolpejakt
5. Blomster i bygda
6. SØK-møte for Grendeutvala
7. Skilt i bygda
8. Oppfylging av årsmøtesaker
9. Beredskap
10. Sosiale medier

| Sak | Drøfting | Avgjerd/ansvar |
|---|---|---|
| **Konstituering** | Styremedlem: Haakon Halvorsen<br>Kasserar: Anna Langhelle held fram<br>Sekretær: Vendel-Agathe Skartland-Hide held fram<br>Varamedlem: Gudvin Hetland<br>Nestleiar: Vanessa Bergmann<br>Leiar: Gunn Vikingstad | Alle fornøgde. |
| **Val av representantar** | Årsmøte 3. juni i Skånevik, frist for påmelding 30. april. | Vanessa og Gunn reiser. Gunn melder på. |

| | | |
|---|---|---|
| **til SØK-stiftinga** | Vanessa og Gunn ynskjer å stille. | |
| **Ut på tur** | Aleksander Vølstad tilbaud seg å vere kontaktledd. | Robert tek kontakt med Aleksander Vølstad. |
| **Stolpejakt** | Aleksander Vølstad er interessert i å gjere jobben som skal gjerast med løypa. | |
| **Blomster** | Skal plante ut påskeliljer no med pengar frå kommunen. | Vendel-Agathe plantar ut. |
| **SØK-møte for Grendeutvala** | SØK-stiftinga har møte med Grendeutvala ein gong i året, for evaluering. Dette skjer 15. april klokka 17 i Ølensvåg. | Vendel-Agathe og Vanessa skal. |
| **Skilt i bygda** | Har fått pris på 16 skilt til 17 920 kr inkl. moms.<br>Skulle vi ha hatt kart ved sidan av skilta? Eller forsvinn vitsen med skilta då?<br>Vi må tenkje ut kva som skal stå på skilta, og kor mange skilt vi treng.<br>Forslag:<br>• Fortsettelsen<br>• Bygdahuset og Kjekt-i-Vik-hallen<br>• Gamlatunet<br>• Leikeplassen<br>• Skule og barnehage, trimpark<br>• Vikestølen<br>• Alnaåsen m. moh og Gamlaløa<br>• Bryggebakken/Båthavna<br>• Hyttefeltet<br>• Vikebygd Landhandel<br>• Plassabakeriet<br>• Frisøren<br>• Årvik gamle skule | Vanessa skal ordne nettsida med QR-kode til stadane.<br>Styret tenkjer meir på kva stadsnamn som burde vere med, og kva som burde stå av informasjon om stadane. |

| | | |
|---|---|---|
| | <ul><li>Kvame</li><li>Døvika</li><li>Kyrkja</li><li>Bedehuset</li><li>Naustvika</li></ul>Eit skilt for å knytte bygda med ytterpunkt<ul><li>Årvik … km</li><li>Skartland … km</li><li>Bakkafossen … km. Ha med Toredalen og Tindeland her?</li><li>Vasslia … km</li><li>Trovåg … km</li><li>Skjeljavikja</li><li>Dommarsnes</li><li>Tindeland</li></ul> | |
| **Oppfylging av årsmøtesaker** | Leiker til Bryggjebakken. Må snakke med båtforeininga om å setje opp skap. Sjekke med fengselet om dei har moglegheit til å byggje kasse, og forslag til korleis dei skal løysast.<br><br>Badstue. Vi må samle inn informasjon om kva som finst, pris osv. Må også ha nokon som driftar det; booking, tilsyn, halde det reint osv. | Anna sjekkar opp meir rundt dette.<br><br>Gunn undersøkjer meir om badstuer. Anna nemner for båtforeininga at vi tenkjer på dette. |
| **Beredskap** | Grendeutvalet har teke kontakt med kommunen. Dei kunne ikkje gå inn for at éin frå alle Grendeutvala i kommunen kunne vere med i | Grendeutvalet inviterer Vikebuen, Bygdahuset og Bondelaget til eit felles møte. Ventar til etter påske |

| | | |
|---|---|---|
| | beredskapsrådet, men at éin representant totalt velt ut frå alle grendeutvala kunne la seg gjere.<br><br>Burde vi ha hatt eit aggregat på Bygdahuset? Vil fungere som eit felles samlepunkt.<br><br>Grendeutvalet kan invitere organisasjonane i bygda til å tenkt rundt dette. | med dette, til vi har hatt meir kontakt med kommunen. |
| **Konto i sosiale medium** | Burde Grendeutvalet hatt ein konto i sosiale medium for å vise meir av kva vi gjer, kalle inn til møte osv. | Vendel-Agathe opprettar ein profil på Facebook. |